



Advokatfirmaet Sigrun Pedersen
Postboks 168
5873 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/13520 - 21/67196

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
07.10.2021

Løyve til utvida bruk av avkjørsle - gbnr 322/97 Mjåtveit

Administrativt vedtak: **Saknr: 1050/21**
Tiltakshavar: Rune Rading
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

VEDTAK

Med heimel i Veglova §§ 40-43 vert utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg i tilknytning til oppføring av ny bustad på gbnr 322/97 godkjent på vilkår:

- Avkjørsle skal etablerast slik at kjøretøy som skal ut frå eigedom står vinkelrett på gang- og sykkelvegen. Svingradius bør være minimum $R = 4$ meter.
- Geometrisk utforming av avkjørsle: På dei to første metrane bør avkjørsle ha eit svakt fall frå gang- og sykkelvegen. Dette for å sikre at søle frå avkjørsle ikkje vert leda ut i gang- og sykkelvegen.
- Under avkjørsle skal det leggjast ned dreneringsrør. Dreneringsrøret skal leggjast slik at overvatn får fritt løp inn og ut frå røret. Dreneringsrør bør ha ei diameter på minimum 200 mm.
- Det skal etablerast snuareal på eigen grunn slik at ein unngår rygging inn og ut i frå gang- og sykkelvegen.
- Siktzone bør være ihht siktkrav i Vegnormal N100. Minste krav til sikt bør være 3 x 20 meter. Siktzone skal være fri for sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over vegnivå til gang- og sykkelvegen.


Vilkår ovanfor er satt i samsvar med uttale frå vegavdelinga i sak 20/18111 av 30.11.20 for å ivareta tryggleiken til dei som ferdast i gang- og sykkelvegen.

Vi påpeiker om at utbetringstiltaka og etablering av veg til bustad er søknadspliktig etter plan og bygningslova og at det skal sendast søknad etter plan -og bygningslova i regi av ansvarleg føretak.

Sakutgreiing:

Informasjon om saka:

Eigedom ligg i uregulert området innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel for Meland er definert som bustadføremål. Vegane rundt den uregulerte eigedomen er regulert i reguleringsplanar for Mjåtveitstø og Mjåtveitmarka:




Regulert kommunal veg (o_SKV 1) ender i regulert privat fellesveg (f_SV 1 og f_SV 2) som er felles køyrevveg til BBB1, BKS 1-3 og BFS 2-4. Kommunal veg er regulert inn med siktzone og svingradius.

Samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning kan gje utvida bruk av denne avkøyrsla.

Frå fellesveg er det regulert inn ei gang- og sykkelveg (GS-veg 2) som er felles for B1 til B34. Gang- og sykkelvegen er open for naudsynt kjøring til og frå eigedomar som har tilkomst via denne.

Etter det vi forstår ønsker sakshandsamar også ei vurdering av ei ny avkøyrsla her. Slik samferdsel, veg-, vatn- og avløp ser det vil det være mogeleg å etablere ei avkøyrsla her. Ei slik avkøyrsla er vist i reguleringsplan for Mjåtveitmarka.



Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/13520

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/13520

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Rune Rading

Postboks 40

5906

FREKHAUG

Mottakarar:

Advokatfirmaet Sigrun
Pedersen

Postboks 168 5873

BERGEN